

Fra: Kjartan Haugsnes (Kjartan.Haugsnnes@hfk.no)
Sendt: 07.12.2015 12:14:01
Til: Roald Breistein
Kopi:

Emne: Kvam
Vedlegg: image001.png

Dette vart protokollert:

Handsaming i møtet:

Birte Bjørkelo frå Deloitte AS orienterte utvalet om prosess kring selskapskontroll av Storeholmen VTA, no Hardanger AKS frå starten i kontrollutvalet i Kvam herad desember 2014

Prosjektet har vorte større og meir komplisert enn det kontrollutval og revisor kunne forutsjå i starten. Revisor har brukt mykje tid på å få ut dokumentasjon av selskapet i starten, men revisjonen er no i slutfasen og revisor har fått det dei har bede om.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet tek orienteringa frå Deloitte AS gjeldande Storeholmen VTA (Hardanger AKS) til etterretning.
2. Kontrollutvalet godkjenner ein auke av timetalet i prosjektet med inntil 50 timar.
3. Kontrollutvalet ber om at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 01.02.2016 ferdig verifisert og med rådmannen og Storeholmen VTA AS sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Venleg helsing

Kjartan Haugsnes
Spesialrådgjevar
Sekretariat for kontrollutvalet



Tlf: 55 23 94 18 | Mob: 901 89 542
www.hordaland.no

*Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse;
både inngåande og utgåande e-post vert vurdert for ev.
journalføring i vårt sak- og arkivsystem.*